



Notat

Dato: 22.01.2019
Arkivsak: 2019/681-1
Saksbehandlar: annport

Til: KIRU, OPHE, MISA og FUV

Frå: Fylkesrådmannen

Status handlingsprogram regional plan for folkehelse

Innleiing

Revisjon av handlingsprogrammet 2018-2021 til Regional plan for folkehelse vart vedteke i fylkesutvalet den 01.02.2018. Status på folkehelsearbeidet 2018 viser at alle avdelingar jobbar godt med tiltaka i handlingsprogrammet.

I nokre av tiltaka i Handlingsprogrammet 2018-2021 er det teke inn resultatmål og/eller effektmål. Det vert arbeida no med å hente inn desse. Under politisk behandling av handlingsprogrammet kom det inn forslag til nye tiltak og nokre endringar av tiltak. Innspela frå fylkesutvalet er teke inn i handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet har totalt 57 tiltak der 38 tiltak hadde oppstart i 2018. Av desse er 36 av tiltaka sett i verk. Dei fleste tiltaka har vorte gjennomført etter planen. Nokre av tiltaka er avslutta, mens dei fleste er pågåande over fleire år. Tiltaka i matrisen under er organisert under einig/fagavdeling med ansvar for tiltaksutvikling, og ikkje etter tema som i handlingsprogrammet.

Utvikling av handlingsprogrammet

Regional plan for folkehelse er bygd opp gjennom fem temaområder: Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming, lokalsamfunn, nærmiljø og bustader, oppvekst og læring, arbeid og arbeidsplassen, aktivitet og sosialdeltaking.

Fylkesrådmannen har lagt utvikling og gjennomføring av handlingsprogrammet til fagavdelingane i fylkeskommunen. Tiltaka i handlingsprogrammet er utarbeidd av folkehelseringen som er eit internt samarbeidsorgan samansett av representantar frå fagavdelingane. Folkehelseringen er forankra i næringsseksjonen og har ansvar for utvikling, forankring og gjennomføring av tiltak innan eige ansvarsområde/eige avdeling.

Fylkesrådmannen vurderer at denne samarbeidsmodellen sikrar forankring og gjennomføring av handlingsprogrammet. Fylkesrådmannen blir orientert om arbeidet gjennom møterreferat frå folkehelseringen.

Virkeområde og omtale av tiltaka

Handlingsprogrammet til Regional plan for folkehelse rettar seg særleg mot område som Hordaland fylkeskommune har ansvar for og verkemiddel for. Den rettar seg mot samarbeidsprosjekt og utviklingsprosjekt mellom fylkeskommunen, kommunar, statlege aktørar, frivillig sektor og andre.

Tiltaka i handlingsprogrammet er inndelt etter tema. Verkemidlane i tema 1 er mest organisatoriske. Dei er innretta på å støtte kommunane i utvikling av det systematiske, langsiktige og tverrsektorielle folkehelsearbeidet, og gjere innsatsen for utjamning av sosiale helseskilnader meir tydeleg i planlegginga. Innhente ny kunnskap på ulike nivå, kompetanseheving, utvikling av system og strukturar, samt fremje involvering og medverknad er gjennomgåande i mange av tiltaka.

Samordning av ulike fylkeskommunale verkemiddel for å auke kvalitet på uteområde og nærmiljøutvikling til gode for alle generasjonar er også eit viktig grep under tema 2. Her er også tiltak knytt til tryggare skuleveggar og meir kunnskap om skader og ulukker med fleire.

Tiltaka i tema 3 er verkemidlar knytt til barndom og oppvekst, ungdom og utdanningssystemet. Tiltaka skal bidra til å fremje helse og trivsel - enten det gjeld kunnskap om mat og ernæring, matvanar, psykososialt læringsmiljø, fremje meir fysisk aktivitet, brei kunnskap om tannhelse og ikkje minst til auka gjennomføring i vidaregåande skule. Også auka deltaking av skular i Ungdata er viktig.

Tiltaka på Tema 4 på organisatorisk nivå. Eit tiltak rettar seg til ungdom på yrkesfagleg utdanning. Regional plan for kompetanse og arbeidskraft 2017-2030 fangar opp alle andre aktuelle tiltak. Tiltaka elles er knytt til utvikling av meir inkludering og helsefremjande arbeidsplassar i Hordaland fylkeskommune.

Temaområde 5 inneheld ulike verkemiddel for folk i alle livsfasar. Tiltaka speilar målsettingar om å sikre deltaking i frivillige organisasjonar for å fremje inkludering i samfunnet gjennom målretta bruk av økonomiske verkemiddel, kompetanseheving og nettverksbygging.

Tiltak som er markert med rødt skrift tyder at fleire avdelingar er plassert som ansvarleg for tiltaket.

Grønt = ferdig

Blått = ikkje starta

Gult = pågåande

| Tiltak | Kva | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | Medansvar | Status |
|-----------------------------------|--|------|------|------|------|-----------|---|
| Kultur og idrettsavdelinga | | | | | | | |
| Tiltak 2.3 | Gi støtte til aktivitet og trivsel i sentrumsområde | x | x | x | x | Regional | Aktuelle tiltak støttast gjennom ulike tilskotsordningar. |
| Tiltak 2.5 | Fordele spelemidlar på basis av gjeldande anleggspolitikk i Hordaland | x | x | x | x | | Fordelingssaka for spelemidlar 2019 vert sak i utval for kultur, idrett og regional utvikling i juni. |
| Tiltak 2.7 | Utvikle eit breitt og variert friluftstilbod til barn og ungdom gjennom mellom anna meir bruk av | | x | x | | | Dette er prioritert i fleire tilskotsordningar kontinuerlig |

| | | | | | | | |
|----------------------------|--|---|---|---|---|-------------------|---|
| | medverknad | | | | | | |
| Tiltak 3.11 | Samordne ulike modellar for sykkelopplæring i skulen for å stimulere til auka bruk av sykkel hos born i kvardagen | x | | | | | Samferdsel Samordning av sykkelsatsing på tvers i HFK gjennom mellom anna tilskudd til «Sykkelkidsa» som er sykkelopplæring i skulen. Tiltak for sykkel er også implementert inn i lavterskelordninga. |
| Tiltak 5.1 | Styrke mangfaldet i aktivitet og deltaking for grupper som treng særskilt tilrettelegging | x | x | x | x | | Prioritert gjennom tilskotsordningar og samarbeid gjennom t.d. Idrettscampus Bergen |
| Tiltak 5.4 | Stimulere til kompetanseutvikling innanfor offentleg kulturforvaltning og innan kultur-, idrett- og friluftssektoren | x | x | x | x | | Gjennom kurs og konferanser |
| Tiltak 5.6 | Bidra til å vidareutvikle eit breitt og variert kultur- og idrettstilbod til barn og ungdom, mellom anna gjennom meir bruk av medverknad | x | x | x | x | | Jobber kontinuerlig med dette gjennom planarbeid og tilskotsordningar |
| Tiltak 5.7 | Arbeide vidare med kulturkortløysing for å jamne ut økonomiske skilnader for deltaking | x | x | x | x | | Stagnert, det vert ikkje jobba konkret med dette i fylkeskommunen p.t. |
| Opplæringsavdelinga | | | | | | | |
| Tiltak 2.1 | Vidareutvikle gode læringsmiljø i skulebygg basert på klima- og miljøvenlege prosessar og materiale | x | x | x | x | Regional, Eigedom | Det er i 2018 lyst ut to store nybyggings- og rehabiliteringsprosjekt i fylkeskommunen, både nytt fylkeshus og Askøy vidaregåande skule, som pris og designkonkurransar. Det er i begge desse konkurransane satt krav om miljøsertifisering Breeam excellent, og andre krav knytt til bruk av miljøvenlege prosessar og materialer. Askøy |

| | | | | | | | |
|-------------------|--|---|---|---|---|------------------------------|---|
| | | | | | | | videregående skule er eit prosjekt der ein har satt krav om at 90 % av bygningskonstruksjonen over bakkenivå skal vere av tre. For begge prosjekta er det også satt krav om solceller på tak. |
| Tiltak 3.1 | Auke delen elevar i vidaregåande skule som får karakter i kroppsøvingsfaget | x | x | | | Kultur- og idretts avdelinga | Energisenteret på Haukeland, samarbeid med Os vgs.6 vidaregåande skoler, prosjekt "Innenfor skolen". Forlenget ut våren 2019. Sluttrapport ventet fra Bergen kommune. |
| Tiltak 3.3 | Etablere prosjekt Nettvett og digital dømmekraft til vg1-elevar og lærarar | x | | | | | Prosjektet er gjennomført, og presentert for skulane på Skulemiljøkonferansen 2018. https://www.laringihordaland.no/digitaldommekraft/ |
| Tiltak 3.4 | Vidareføre prosjekt med gratis skulefrukost | x | x | x | x | | 2018, 6,5 mill fordelt på alle vidaregåande skoler, (unntatt 1 skole) 32 vidaregåande skoler. Fylkestingsvedtak desember 2018: 8,5 mill til gratis skulefrukost i 2019. |
| Tiltak 3.5 | Innsats for å betre psykososialt miljø for elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram gjennom kompetanseheving for lærarar | x | x | x | x | | Gjennom Kompetansehevingsplanen blir det tilbudt kurs i relasjonskompetanse. Tiltaket er under vidare utvikling. |
| Tiltak 3.6 | Styrke kompetansen om folkehelse og livsmeistring i vidaregåande skular | | x | x | x | | Oppstart i 2019 |
| Tiltak 3.8 | Auke tal på skular i Hordaland som deltek i Ungdata-undersøkinga | x | x | x | x | Regional | Resultatmål for dei vidaregåande skulane nådd i 2019. |
| Tiltak 3.9 | Vidareføre Complete-forskningsprosjekt (Drømmeskolen og nærværsteam) | x | x | | | | Pågående. Oppfølgingsundersøkelse og intervju våren 2018. Oppfølgingsundersøkelse våren 2019. Prosjektet avsluttast juni 2019. |

| | | | | | | | |
|--------------------|---|---|---|---|---|-------------------------|--|
| Tiltak 3.10 | Kompetanseheving knytt til positiv seksuell helse for elevar i vidaregåande skule | | | x | x | | Oppstart 2020 |
| Tiltak 3.12 | Vaksinasjon mot hjernehinnebetennelse | x | x | x | x | | Fast ordning for vg 1 elevane med elevbetalt ordning i mange år til og med 2018. I 2019 gjeld gratistilbodet alle elevar i vidaregåande skule inklusiv dei private skulane. For 2020 gjeld tilbodet berre vg 1 elevar. |
| Tiltak 4.1 | Vidareføre prosjekt <i>Auka gjennomføring – fleire ut i lære</i> | x | x | | | | Prosjektperioden blir forlenga ut 2019. Rapportert til Fylkestinget oktober 2018. |
| Tiltak 4.3 | Framheve sunt kosthald i kantiner i fylkeskommunale bygg gjennom krav til interne og eksterne samarbeidspartnarar | x | x | x | x | Økonomi og organisasjon | Det er ikkje inngått sentral innkjøpsavtale med leverandør av kantinedrift. Eigedomsavdelinga følgjer opp innkjøpsarbeidet for kantinar ved skulane, bistått av innkjøpsseksjonen. |
| Samferdsel | | | | | | | |
| Tiltak 2.2 | Arbeide systematisk med tryggare skuleveggar | x | x | x | x | | Pågåande. Hjertesoneprosjektet i Bergen. Tilskotsordningar for trafikk sikringstiltak prioriterar skuleveggar. |
| Tiltak 2.8 | Systematisk arbeid for redusere talet på omkomne og alvorleg skadde på vegnettet i Hordaland | x | x | x | x | | Pågåande i alle tiltak for å auke trafikktryggleiken på fylkesvegane. |
| Tiltak 2.9 | Samanstilling av gang- og sykkeltilbodet, samt gjennomføring av ei sykkelundersøking i Bergensområdet tilsvarande «Oslosyklisten» | x | x | x | x | | Ikkje starta |
| Tiltak 2.10 | Gang- og sykkeltiltak i regionsentra | x | x | x | x | regional | Fleire avdelingar som jobbar med dette mellom anna gjennom «sykkelbyprosjektet», og sykkelkartlegging i regionsentra. |
| Tiltak 2.12 | Trafikksikre kommunar | | x | x | x | | Pågåande, 6 trafikksikre kommuner pr i dag. Austrheim, |

| | | | | | | | |
|--------------------------|--|---|---|---|---|------------------|---|
| | | | | | | | Lindås, Vaksdal, Bømlo, Sund og Kvinnherad |
| Tiltak 2.13 | Trafikksikker fylkeskommune | | x | x | x | | Oppstart 2019 |
| Tiltak 3.11 | Samordne ulike modeller for sykkelopplæring i skulen for å stimulere til auka bruk av sykkel hos born i kvardagen | x | | | | Kultur og idrett | Samordning av sykkelsatsing på tvers i HFK gjennom mellom anna tilskudd til «Sykkelkidsa» som er sykkelopplæring i skulen. Tiltak for sykkel er også implementert inn i lavterskelordninga. |
| Regionalavdelinga | | | | | | | |
| Tiltak 1.1 | Legge til rette for auka samhandling med kommunane for utvikling av det systematiske og langsiktige folkehelsearbeidet for å fremje gode levekår | x | x | x | x | | Mal for folkehelseoversikt er gjennomført. Dette blir fulgt opp med workshoper i 2019 og utvikling av et løpende oversiktsarbeid blir behandlet som et resultat av arbeidet med folkehelseoversikt/ workshopene. Det er etablert en mindre arbeidsgruppe som har utviklet felles mal for folkehelseoversikt i fylket. |
| Tiltak 1.2 | Støtte kommunane i arbeidet med å utvikle gode system for å sikre at utjamning av sosiale helse-skilnader er tema i kommunane sine plandokument | | x | x | x | | Arbeider med mal for folkehelseoversikt og prosess for samarbeid og/ eller støtte knyttet til utvikling av denne. Andre virkemiddel er Program for folkehelse og Planuttale i Regionalt planforum. |
| Tiltak 1.3 | Styrke involvering av dei lovfesta råda i kommunar og fylkeskommunen | | x | x | x | | Oppstart i 2019 |
| Tiltak 1.4 | Kompetanseheving knytt til medverknad i plan- og utviklingsarbeid | | x | x | x | | Konferanse 26.april, samarbeid mellom prosjektkommunane i nærmiljøprosjektet, HVL og regional og plan |
| Tiltak 1.5 | Auke kompetansen om bruk av helsekonsekvens-utredning (HKU) i kommunal- og regional planlegging | | x | | | | Oppstart 2019 |

| | | | | | | | |
|--------------------|---|---|---|---|---|--|---|
| Tiltak 1.6 | Støtte kommunane i arbeidet med å utvikle eit system for løpende oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar | x | x | | | | Se tiltak 1.1 og 1.2. Det løpende oversiktsarbeidet vil bli behandlet som del av oppfølgingen av folkehelseoversikten. Pågående, fortsetter i 2019 |
| Tiltak 1.7 | Etablere og utvikle regionalt samarbeidsorgan for folkehelsearbeidet i Hordaland | x | x | x | x | | Etablert samarbeidsorgan for program for folkehelse |
| Tiltak 1.8 | Bygge kompetanse i kommunane for å evaluere tiltak i folkehelsearbeidet | x | x | x | x | | Har vært tema på 3 ulike samlingar i 2018. Dette skal inn i program for folkehelse. |
| Tiltak 1.9 | Utvikle helsefremjande barnehagar og skular | x | x | x | x | | Bergen kommune har søkt opptak i program for folkehelse vedr videregående skoler i 2018, og skal søke opptak for helsefremmende barnehager i 2019/20. |
| Tiltak 1.10 | Søke om opptak i <i>Program for folkehelsearbeid i kommunane</i> | x | | | | | Ferdig |
| Tiltak 1.11 | Hordaland som programfylke - samordne program-arbeidet regionalt i <i>Program for folkehelsearbeid i kommunane</i> | x | x | x | x | | Pågåande. 1. pulje er tatt opp i programmet. Programmet er utfordra på grunn av varsla budsjettkutt for 2020 |
| Tiltak 1.13 | Søke medlemskap i <i>Sunne kommuner</i> | | x | | | | Oppstart 2019 |
| Tiltak 1.14 | Gjennomføre folkehelseundersøking i fylket | x | x | | | | Ferdig |
| Tiltak 1.15 | Etablere struktur og rutinar for formidling av kunnskap til kommunane | x | x | x | x | | Ikkje etablert struktur for dette enno. Det jobbast vidare med dette i 2019. |
| Tiltak 1.16 | Utvikle tverrsektorielt arbeid med universell utforming i fylkeskommunen | | x | | | | Prosjektet UU i vest 2025 er starta opp, der arbeid på tvers av avdelingane er del av satsinga. |
| Tiltak 1.17 | Kartlegging av universell utforming i regionale senter som grunnlag for områdereguleringsplaner og handlingsprogram i | | x | | | | Oppstart 2019. Søke om tilskudd gjennom Statens kartverk for å gjennomføre kartlegginga. |

| | | | | | | | |
|--------------------|---|---|---|---|---|--------------------|---|
| | kommunane | | | | | | |
| Tiltak 1.20 | Årshjul for kompetanseheving innan universell utforming | | | x | | | Pågåande |
| Tiltak 1.21 | Etablere arena for kompetanseheving og nytenking som fremjer eit universelt utforma samfunn | | | x | x | | Oppstart 2020 |
| Tiltak 2.1 | Vidareutvikle gode læringsmiljø i skulebygg basert på klima- og miljøvenlege prosessar og materiale | x | x | x | x | Eigedom, Opplæring | Det er i 2018 lyst ut to store nybyggings- og rehabiliteringsprosjekt i fylkeskommunen, både nytt fylkeshus og Askøy vidaregåande skule, som pris og designkonkurransar. Det er i begge desse konkurransane satt krav om miljøsertifisering Breeam excellent, og andre krav knytt til bruk av miljøvenlege prosessar og materialer. Askøy vidaregåande skule er eit prosjekt der ein har satt krav om at 90 % av bygningskonstruksjonen over bakkenivå skal vere av tre. For begge prosjekta er det også sett krav om solceller på tak. |
| Tiltak 2.3 | Gi støtte til aktivitet og trivsel i sentrumsområde | x | x | x | x | Kultur og Idrett | Aktuelle tiltak støttast gjennom ulike tilskotsordningar. |
| Tiltak 2.4 | Slutføre prosjekt nærmiljø og lokalsamfunn som fremjer folkehelse | | x | | | | Sluttrapport og sluttkonferanse i april/mai 2019 |
| Tiltak 2.6 | «Frå heim til skule på egne bein» – utvikle kartreiskap til bruk i planlegging | | x | x | | | Oppstart i 2019 |
| 2.10 | Gang- og sykkeltiltak i regionsentra | x | x | x | x | Samferdsel | Fleire avdelingar som jobbar med dette mellom anna gjennom «sykkelbyprosjektet», og sykkelkartlegging i regionsentra. |

| | | | | | | | | |
|--------------------|---|---|---|---|---|--|-----------|---|
| Tiltak 2.11 | Auke kunnskapen om omfanget av skadar og ulykker | | x | | | | | Oppstart 2019 |
| Tiltak 3.2 | Vidareutvikle kompetansesatsinga i det nasjonale programmet Fiskesprell | x | x | x | x | | Tannhelse | Pågående. Resultatmål: 80 kursdeltakarar gjennomført Fiskesprell kurs i 2018. i tillegg til sjølve kurset har Hordaland fylkeskommune utvida kurset med presentasjonar frå tannhelse. |
| Tiltak 3.8 | Auke tal på skular i Hordaland som deltek i Ungdata-undersøkinga | x | x | x | x | | Opplæring | Resultatmål for dei vidaregåande skulane nådd i 2019. |
| Tiltak 5.2 | Støtte kommunane og lokalsamfunna i arbeidet med å integrere flyktningar og innvandrarakar | x | x | x | x | | | Starta i 2018 og gitt tilskotsmidlar til 3 kommunar, Askøy, Meland og Bergen kommune (Bergen kommune gjennom Give a job). |
| Tiltak 5.3 | Utllysning av tilskotsmidlar for å auke tal på kommunar i Hordaland som utviklar frivilligheitspolitikk | x | | | | | | 4 nye kommunar har søkt og fått tilslag. |
| Tannhelse | | | | | | | | |
| Tiltak 1.12 | Revidere innhald i samarbeidsavtalar mellom tannhelsetenesta i Hordaland og kommunane | x | x | | | | | Tiltaket går etter oppsett plan og vi er ferdig med revidering av fire av seks samarbeidsavtalar med kommunane. Dei resterande to avtalane skal reviderast i løpet av 2019. |
| 3.2 | Vidareutvikle kompetansesatsinga i det nasjonale programmet Fiskesprell | x | x | x | x | | Regional | Pågående. Resultatmål: 80 kursdeltakarar gjennomført Fiskesprell kurs i 2018. I tillegg til sjølve kurset har Hordaland fylkeskommune utvida kurset med presentasjonar frå tannhelse. |
| Tiltak 3.7 | Vidareutvikle og implementere undervisnings-programmet HEART (helse, ernæring, aktivitet, rusførebygging og tannhelse) i ungdomskulen | x | x | x | x | | | Det jobbast vidare med finansiering og vi har von om vidareutvikling og starte implementeringa av undervisningsprogrammet så snart som mogleg. |

| Økonomi og organisasjonsavdelinga | | | | | | |
|-----------------------------------|---|---|---|---|---|---|
| Tiltak 1.19 | Evaluere nettsidene til Hordaland fylkeskommune med omsyn til universell utforming | | | x | | Nettsidene for Vestland fylkeskommune er under utarbeiding. Evalueringstiltaket er satt opp i 2020. |
| Tiltak 4.2 | Arbeide aktivt for å rekruttere og halde på fleire medarbeidarar med funksjonsnedsetting i Hordaland fylkeskommune | x | x | x | x | Arbeidet med å halde på medarbeidarar med funksjonsnedsetting held fram som del av oppfølging av sjukmelde, og som del av Bedriftshelsetenesta sitt arbeid. Rutine for oppfølging av sjukmelde vart revidert i oktober 2018. Oppfølging og tilrettelegging var tema i HMS Grunnkurs, som vart gjennomført to gongar i 2018 (vår og haust), samt i eige kurs for lærlingar. Når det gjeld rekruttering av nye medarbeidarar med funksjonshemming har fylkeskommunen samarbeid med NAV. |
| Tiltak 4.3 | Framheve sunt kosthald i kantiner i fylkeskommunale bygg gjennom krav til interne og eksterne samarbeidspartnarar | x | x | x | x | Opplæring Det er ikkje inngått sentral innkjøpsavtale med leverandør av kantinedrift. Eigedomsavdelinga følgjer opp innkjøpsarbeidet for kantinar ved skulane, bistått av innkjøpsseksjonen. |
| Tiltak 4.4 | Stimulere til folkehelseiltak på arbeidsplassane i HFK gjennom å nytte det etablerte IA-samarbeidet mellom NAV og HFK | x | x | x | x | IA-samarbeidet har pågått som før i 2018. «Aktiv kvardag» midlar vart fordelt (ca 1 mill.) |
| Eigedomsavdelinga | | | | | | |
| Tiltak 1.18 | Gjere registrering av universell utforming av fylkeskommunale bygg tilgjengeleg for brukarane | x | x | | | Det er behov for vidare arbeid med universell utforming ved nokre skular, og nokre bygg må leggest inn i byggforalle.no på nytt. Dette gjeld nye bygg og |

| | | | | | | | |
|-------------------|---|---|---|---|---|---------------------|---|
| | | | | | | | rehabiliterede bygg. Å ha tilgjengeleg informasjon på byggforalle.no er eit kontinuerleg arbeid i takt med utbyggings- og rehabiliteringsprosjekt i fylkeskommunen. Dette arbeidet forsett i 2019. |
| Tiltak 2.1 | Vidareutvikle gode læringsmiljø i skulebygg basert på klima- og miljøvenlege prosessar og materiale | x | x | x | x | Regional, Opplæring | Det er i 2018 lyst ut to store nybyggings- og rehabiliteringsprosjekt i fylkeskommunen, både nytt fylkeshus og Askøy vidaregåande skule, som pris og designkonkurransar. Det er i begge desse konkurransane satt krav om miljøsertifisering Breeam excellent, og andre krav knytt til bruk av miljøvenlege prosessar og materialer. Askøy vidaregåande skule er eit prosjekt der ein har satt krav om at 90 % av bygningskonstruksjonen over bakkenivå skal vere av tre. For begge prosjekta er det også satt krav om solceller på tak. |
| Tiltak 5.5 | Kartleggje bruk av fylkeskommunale bygg og lage strategi for meir bruk | x | | | | | Dette er ikkje satt i gang i 2018, videreførast som punkt i 2019. |

